

Møteleiar gav slikt svar:

«Spørsmål frå FNB v/Morten Klementsén om hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon eller Vestland fylkeskommune fremmer industriklynger opp mot allereie lansert tiltakspakke for olje- og gassnæringa i Vestland. Vestland med våre industrileiande industriparkar, teknologi , FoU miljø og leiande industriaktørar bør kunne vere godt posisjonert til å posisjonere seg inn mot neste omstillingspakke.

Vestland fylkeskommune har lyst ut fleire støtteordningar som også kommer leverandørindustrien til gode til dømes

- 9 millionar til forskning for å auke verdiskapinga i Vestland
- 11,4 millionar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)
- 22,1 millionar i ekstra tiltakspakkemidlar for akutt-tiltak i næringslivet inkludert leverandørindustrien
- 21,5 millionar til næringsutvikling

Blant søkjarane til tilskotsordningane over er det fleire av industriklyngene våre. Vidare er det regelmessig møte mellom fylkesordførar, LO , NHO og NAV som drøftar situasjonen fortløpande. Administrasjonen i fylkeskommunen har tett kontakt med industriklyngene våre både for å vere orientert om situasjonen og kunne gi råd og bistand. Vi samarbeid og om arrangement slik som webinar om hydrogen i går (13. mai).

Regjering la 30. april fram ein tiltakspakke for å oppretthalde aktiviteten i olje- og gassnæringa og leverandørindustrien. Petroleumsskattesystemet er midlertidig endra for å betre kontantstraumen på kort sikt for selskapa. Regjeringa anslår verknaden på kontantstraum til 100 milliardar kronar knytt til investeringar i 2020 og 2021. Mottakinga i næringslivet har vore reservert, då dei fryktar at samla skattebelastning vil auke over prosjektet si levetid. Framlegget vart varsla framlagt for [Stortinget 12. mai](#)

Regjeringa vil og legge fram ein grøn omstillingspakke i slutten av mai som og vil vere til glede for leverandørindustrien med auka løyvingar til ENOVA, forskning, utvikling og innovasjon og meir pengar til grøn skipsfart. For leverandørindustrien vil det og vere viktig med auka satsing på havvind og framskunding av Northern Lights-prosjektet. Karbonfangst og -lagring var handsama av hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og fylkesutval (30. april - skal vidare til fylkestinget i juni)

Fylkespolitikarane i dei gamle fylka/VLFK har presisert betydninga av disse satsinga og grøn skipsfart. Det kan vere eit politisk rom no framover for ytterlegare initiativ for å fremje enda fleire satsingar inn korona-tiltakspakkene om hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon har gode innspel.»